

Møteprotokoll

for

Heradsstyret

Møtedato: 16.12.2021

Møtestad: Digitalt møte

Møtetid: 17:00 - 18:15

Ekstraordinært møte knytta til Covid-19

| Frammøtte medlemmer | Parti | Rolle |
|----------------------------------|-------|--------------|
| Turid Bjørndal Njåstad | SP | Medlem |
| Johannes Haugland | SP | Medlem |
| Hjalti Heimir Gislason | H | Varaordførar |
| Aksel Mjøs | H | Medlem |
| Berit Moslett Borge | H | Medlem |
| Ole Johannes Mjøs | H | Medlem |
| Rita Aud Tveiten | AP | Medlem |
| Alexander Thunestvedt | AP | Medlem |
| Tone Mjelde | SV | Medlem |
| Roald Åge Kleppe | SV | Medlem |
| Kjersti Ingolvsdotter Vevatne | V | Medlem |
| Jarle Skeidsvoll | KRF | Medlem |
| Bjarte Hammer Aarland | KRF | Medlem |
| Kari Laurhammer Mjøs | KRF | Medlem |
| Trude Tomren | MDG | Medlem |
| Alf Terje Mortensen | FRP | Medlem |
| Sigmund Faugstad | FRP | Medlem |

| Forfall meldt frå medlem | Parti | Rolle |
|---------------------------|-------|----------|
| Lars Fjeldstad | SP | Ordførar |
| Asgeir Presttun | SP | Medlem |
| Frode Flesland | SP | Medlem |
| Øyvind Litland | AP | Medlem |
| Jørgen Varden | AP | Medlem |
| Henrik Øksnes | FRP | Medlem |
| Ellinor Therese Birkeland | FRP | Medlem |
| Siren Tyssebotn | FRP | Medlem |
| Kim Andre Hartveit | FRP | Medlem |
| Ragnar Tyssebotn | FRP | Medlem |

| Frammøtte varamedlemmer | Parti | Erstattar medlem |
|-------------------------|-------|---------------------------|
| Jon Daltveit | SP | Frode Flesland |
| Herdís Helle | AP | Øyvind Litland |
| Bjørn Kato Melchersen | FRP | Ellinor Therese Birkeland |

Totalt frammøtte medlemmer: 17

Totalt frammøtte varamedlem: 3

Totalt i møte: 20 representantar

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen, Kommunalsjef for Oppvekst, Undervisning og Kultur, Kommunalsjef for Helse, Omsorg og Sosial, Kommuneoverlegen, politisk-adm.sekretariat

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|--------------|---|
| 115/21 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 116/21 | Smittevernfagleg vurdering for Osterøy - Covid-19 - desember 2021 |

Ordførar hadde meldt forfall til møte. Varaordførar vert difor ordførar i dette møte.

Ordførar gjorde slikt framlegg: Turid B. Njåstad, SP, vert vald som sette-varaordførar i dette møte.

AVRØYSTING val av sette-varaordførar

Turid B. Njåstad vert samråystes vald som sette-varaordførar i dette møte.

115/21: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

16.12.2021 HERADSSTYRET

Det var ingen merknadar til innkalling og saksliste

HS - 115/21 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

116/21: Smittevernfangleg vurdering for Osterøy - Covid-19 - desember 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Etter ein totalvurdering av smittesituasjon i skular og barnehagar føl Osterøy kommune nasjonale regler med tillegg av råd frå kommuneoverlegen som er skissert i saka. Situasjonen må fortløpende vurderast og det kan bli aktuelt å anbefale strengare lokal forskrift også i vår kommune. Det kan og bli aktuelt å anbefale jevnleg testing i staden for kort karantene for dei under 18 år som vert kategorisert som øvrige nærekontaktar. Utviklinga i smittesituasjonen vil vere avgjerande.

16.12.2021 HERADSSTYRET

Kommuneoverlegen og kommunalsjef for Oppvekst, Undervisning og Kultur møtte for å orientere i saka.

Aksel Mjøs, H, fekk innvilga permisjon frå resten av møte.
19 medlemmar tilstades.

Hjalti H. Gislason, H, gjorde slikt tilleggsframlegg:

"Osterøy kommune følgjer nasjonale reglar om smittevern. Om smittesituasjonen lokalt utviklar seg i negativ retning i løpet av dei neste 17 dagane får ordførar mandat frå heradsstyret fram til mandag 3. januar å innføra strengare lokal forskrift, sjølvsgart i samråd med kommuneoverlegen. Gruppeleiarar skal informerast via e-post før slik forskrift trår i kraft."

AVRØYSTING:

Hjalti H. Gislason, H, sitt tilleggsframlegg: 3SP, 3FRP, 3H, 3AP, 3KRF, 2SV, 1MDG, 1V
(Samrøystes vedteke)

Rådmannen sitt framlegg: 3SP, 3FRP, 3H, 3AP, 3KRF, 2SV, 1MDG, 1V
(Samrøystes vedteke)

HS - 116/21 VEDTAK:

Etter ein totalvurdering av smittesituasjon i skular og barnehagar føl Osterøy kommune nasjonale regler med tillegg av råd frå kommuneoverlegen som er skissert i saka. Situasjonen må fortløpende vurderast og det kan bli aktuelt å anbefale strengare lokal forskrift også i vår kommune. Det kan og bli aktuelt å anbefale jevnleg testing i staden for kort karantene for dei under 18 år som vert kategorisert som øvrige nærbolig. Utviklinga i smittesituasjonen vil vere avgjerande.

Osterøy kommune følgjer nasjonale reglar om smittevern. Om smittesituasjonen lokalt utviklar seg i negativ retning i løpet av dei neste 17 dagane får ordførar mandat frå heradsstyret fram til mandag 3. januar å innføra strengare lokal forskrift. Gruppeleiarar skal informerast via e-post før slik forskrift trår i kraft.

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar (Hjalti H. Gislason) vart desse valde: Roald Åge Kleppe og Berit M. Borge

Lonevåg, 16.12.2021

Runar Ludvigsen
Sekretær